

LÆREBØKER PÅ NYNORSK i andre fag enn norsk kan føre til djupare læring for bokmålselevar. **S. 8**

SIDEMÅL OG FRAMANDSPRÅK
– kva er likt, kva er ulikt? **S. 10**

SERIEN SKAM nyttar musikk som ein viktig del av forteljinga. Korleis kan det brukast i undervisning? **S. 14**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 29 | HAUSTEN 2017 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



På flyttefot

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

FRÅ JANUAR 2018 skal Nynorsksenteret ikkje lenger styrast frå Utdanningsdirektoratet. Frå då av blir vi ein fullt integrert del av Høgskulen i Volda (HVO), også fagleg. Vi er spente på kva denne omorganiseringa kjem til å bety i praksis – både for oss og for brukarane våre.

Fram til no har høgskulen berre vore verts-institusjon for Nynorsksenteret. Det vil seie at vi har vore formelt tilsette ved Høgskulen, men at leiinga og avdelingane elles ikkje har hatt noko å gjere med korleis vi har prioritert arbeidsoppgåvene eller disponert budsjettet. Dette har Udir styrt og kontrollert gjennom årlege oppdragsbrev og eigne rutinar for rapportering.

Denne organiseringa blir det slutt på. Frå og med neste år vil både løyvinga og oppdraget vårt gå inn som ein integrert del av HVO sitt opp-

dragsbrev frå Kunnskapsdepartementet (KD). Det overordna mandatet og oppdraget vårt vil vere uendra, men KD varslar at det vil bli langt mindre detaljert styring av verksemda enn det har vore før.

Denne store endringa gjeld alle dei ti nasjonale sentera, og ho er ein del av ei større omorganisering av dei mange etatane og organa som ligg under KD. Endringa er også ein del av ein ny og meir desentralisert strategi for etterutdanning og kompetanseutvikling i skular og barnehagar. Her er lærarutdanningane tiltenkte ei sentral rolle i tett samspel med dei nasjonale sentera.

Utanfor Udir er vi ikkje så tett på dei som bestemmer den nasjonale utdanningspolitikken. Det er ei ulempe. Men den nye modellen gir også nye moglegheiter. Mindre detaljstyring frå Udir

og KD gir t.d. auka rom for lokale prioriteringar og skreddarsaum i årsplanane. Tettare integrasjon med HVO-fagmiljøa kan også vere til gjensidig nytte. Vi kan delta meir i FoU-prega aktivitet og etterutdanning, medan lærarutdannarane kan inkluderast i praksisnære prosjekt og ressursutvikling.

Korleis vil så brukarane merke endringa? KD understrekar at dei nasjonale sentera no skal få ei meir aktiv rolle for å styrke lærarutdanningane, men at vi elles skal halde fram med dei same oppgåvene som før. Med andre ord: Brukarane vil neppe merke så mykje – i alle fall ikkje på kort sikt. Målet er framleis å vere praksisnære og å legge til rette for meir og betre nynorskopplæring over heile landet.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 29, 11. årgangen

BLADSTYRAR: Heidi Fagna

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland og Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Camilla Freng Billett

ISSN: 1890-3975


ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

Korleis ser ein kattesnigel ut? Eller kva med ein snigle-katt, ein ballhatt eller ein blomeball? La borna leike med språket og gå på språkleg oppdagingsferd på dei nye, utvida Berte og Iver-sidene.



Aktivitetssider for born

TEKST: **Heidi Fagna** ILLUSTRASJON: **Martine Grande**

Du finn sidene på www.berteogiver.no



BERTE OG IVER-SIDENE inneheld kjekke språk-stimulerande aktivitetar for born i alderen fem til sju år. Borna kan leike, improvisere og eksperimentere med rim, språklydar, staving og ord, sjå animasjonsfilmar på nynorsk og spele spel. I eitt av dei nye spela kan borna setje saman ord og kombinere dei slik dei vil. Då kan dei til dømes sjå korleis ein kattehatt ser ut, og deretter snu på det og få fram ein hattekatt.

Fungerer på nettbrett

– Då vi skulle utvide sidene med nye aktivitetar, var det eit viktig poeng å gjere det mogleg å bruke sidene på nettbrett, fortel Arild Torvund Olsen

ved Nynorsksenteret. Den nye utgåva fungerer difor både på datamaskin og på nettbrett.

Mykje å utforske

Sidene er organiserte som eit hus der borna kan gå frå rom til rom og utforske. I stova finn dei til dømes ei klokke dei kan stille på, og eit fjernsyn med animasjonsfilmar. På kjøkenet er det mellom anna høve til å leike med kjøleskåpsmagnetar med bokstavar, på leikerommet er det puslespel, gåter, biletlotto, bokstavspel, påkledingsspel og mykje anna, i observatoriet er det stjernebilette og fleire spel, inkludert eit rimspel, og i hagen kan borna gå på bokstavjakt.

Innhold

Førsteklasses skulestart av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	s. 4
Nynorsk i ny rammeplan av Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	s. 6
Djupare læring med fagstoff på nynorsk av Heidi Fagna	s. 8
Sidemål og framandspråk – kva er likt, kva er ulikt av Hjalmar Eiksund	s. 10
Skam i skulen av Marit Lovise Brekke	s. 14
Tok doktorgrad i sidemålsopplæring av Heidi Fagna	s. 17
Spennande skattar i historisk materiale av Reidun Kydland	s. 18
Få fart på skrivinga med skrivestartarar av Marit Wadsten	s. 20
Boktips	s. 22
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	s. 24

FEM TIPS: Om du startar som lærar i ei heilt fersk førsteklasse no i haust, har du heilt sikkert tenkt mykje på korleis du vil leggje til rette for eit trygt klassemiljø og god læring utover hausten. Her kjem ei lita tipsliste som handlar om språkstimulering, lesing og skriving.

Førsteklasses skulestart

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein**



1 Høgtlesing
Barn møter skriftspråket først gjennom høgtlesing, via øyret. I mange heimar les dei mykje for barna, medan andre barn har mindre erfaring med høgtlesing heimanfrå. I barnehagen les dei for alle jamleg, men alle barnehagar er ikkje bevisste på å lese nynorske bøker, og mange omset uansett bøkene til dialekt når dei les. Når den vaksne les ei bok eller ein tekst slik han står skrive, gir det barnet ei forståing av skriftspråket. Det har ein meir kompleks setningsstruktur og eit rikare ordval enn det munnlege språket. Barn som veks opp i nynorskområde, møter bokmålstekstar gjennom fritidslesing, medium og samfunnet generelt. Det er desto viktigare at ein les høgt frå nynorske barnebøker for elevar i barneskulen, og at ein brukar nynorske songar, rim og regler. For å meistre språket må ein bli eksponert for det, og for å bli trygge nynorskbrukarar må ein møte nynorske tekstar.

Som høgtlesingsbok i første klasse vil vi anbefale mellom anna bøkene om seksåringen Teo av Solveig Blindheim Bendixen, og dei nyskrivne historiene i *Fantasi-boka*.



Bøkene om Teo er fine å lese høgt.

2 Biblioteksamarbeid
Bøker inspirerer! Både for dei som har knekt lesekode, og dei som ikkje har gjort det enno, er det viktig å ha tilgang på bøker som er freistande, og som ein får lyst til å bla i. Mange skular har eit nært samarbeid med biblioteket, og får til dømes bakkasser med 25 bøker i, annankvar månad. Spør om å få flest moglege nynorske bøker i kassene. Bruk gjerne boklistene og bokomtalan du finn på www.nynorskbok.no når du skal spørje etter bøker på biblioteket.

Boktips og boklister finn du på www.nynorskbok.no



3 Rim, regler og songar

I LK06 står det mellom anna at elevane skal eksperimentere med rim og rytme, både i norskfaget og i musikk. Å bruke rim, regler og songar utviklar rytmesansen så vel som språket, og det skaper fellesskapskjensle å ha nokre felles regler eller songar på repertoaret. Kanskje har dei jobba med rim og regler i barnehagen? Då kan du be barnehagen om å sende rim og regler dei har brukt, så de kan utvide repertoaret og få ein rim- og reglebase i klasserommet.

På sida www.nynorsksenteret.no/rim har Nynorsksenteret publisert rim og regler vi har fått tilsendt frå ulike delar av landet. Kanskje finn du regler som de har ein lokal variant av? Her er også nokre nynorske matvers. Hilde Myklebust og Gaute Øvereng står bak tekst og melodi på dette verset, og du kan godt bruke innspelinga og noten saman med elevane:

Eit eple veks fram frå ei blømande grein
To geiter spring rundt på lette bein
Tre fiskar glitrar så blankt i ein fjord
Fire poteter ligg djupt i si jord

Tenk å få ete seg mett kvar ein dag
Kom, lat oss ete og drikke i lag

4 Bokstavprogresjon

Eit tema som er i vinden, er kor raskt elevane skal lære bokstavane i første klasse. Tradisjonelt i norsk skule har ein brukt om lag eitt år på å kome gjennom alle bokstavane i alfabetet. Lesesenteret sitt forskingsprosjekt med «rask bokstavlæring», å lære alle bokstavane før jul i første klasse, er så langt eintydig positivt. Elevane møter alle bokstavane raskare og kan tidlegare starte å lese meningsfulle tekstar og bøker. Det er vel verdt å sjekke ut www.lesesenteret.no om du er nysgjerrig på korleis ein kan jobbe med rask bokstavinnlæring. Det viser seg at elevane lærer å lese raskare, og at lærarane identifiserer elevar som slit med lesinga, mykje tidlegare enn før. Då får dei også sett inn hjelpetiltak tidlegare.

I Leseland-serien finn ein bøker for ferske lesarar. Desse bøkene har korte setningar, lydrette ord og gjentakingar og er likevel forteljingar som er interessante og motiverande for elevane. Til no er det kome 50 bøker i denne serien.

Leseland er lettlesne bøker på nynorsk →

5 Brettebok

Erna Osland og Inger Lise Belsvik har skrive og illustrert ti små forteljingar som kvar får plass på eit A4-ark, og som skal brettast etter ei oppskrift. Tekstane er korte og lettlesne og eignar seg godt for ferske lesarar. Å lage brettebøker er ei fin oppgåve for elevar i første klasse og fadrane deira. Du finn brettebøkene på www.nynorsksenteret.no/brettebok. ■



I den nye rammeplanen for barnehagen er arbeid med språk sentralt. Barna skal få delta i eit stimulerande språkmiljø og i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilheitleg språkutvikling.

Nynorsk i ny rammeplan

TEKST: **Liv Kristin Bjørlykke Øvereng** FOTO: **Arild Torvund Olsen**



I DENNE TEKSTEN vil eg kommentere nokre punkt i den nye rammeplanen som er viktige i språk-arbeidet med barn som bur i område der nynorsk er hovudmålet.

Språklege førebilete

Personalet må vere bevisste på rolla som språklege førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn.

(Ny rammeplan for barnehagen, 2017)

Språket som barna møter i barnehagen, er viktig for språkutviklinga og for utviklinga av identiteten til kvart enkelt barn. Ungane vert påverka av både tekstane, orda, uttrykka og dei språklege strukturane som den vaksne brukar. For barnet i barnehagen er det viktig at dei vaksne er bevisste på det språket som møter barna, og på dei vaksne si rolle som språklege modellar (Bjørhusdal og Øvereng, 2016).

Måten vi brukar skriftleg og munnleg språk på i ulike situasjonar, er med på å definere kven vi er. Kvar gong vi uttrykkjer oss, utfører vi ei identitetshandling som fortel noko om kven vi er eller ynskjer å vere. Språk står sentralt i å forme ein identitet (Mæhlum, 2003).

Dialekter og språk er ein ressurs i barnegruppa

Personalet skal bidra til at språkleg mangfald blir noko positivt for heile barnegruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norsk-/samiskspråklege kompetansen til barna.

Det å møte eit mangfald av språk i barnehagen på ein naturleg måte kan bidra til å skape positive haldningar til språk. Mange familiar er fleirspråklege, eller ulike dialekter er representerte i familien. Barn har erfaringar med språk, og når

dei vaksne brukar omgrepa dialekt, fleirspråkleg, bokmål og nynorsk, vil det gjere ungene meir språkleg bevisste. Barn erfarer at vi brukar ulike ord i ulike dialekter og ulike språk, og jamvel om vi brukar same ordet, kan vi seie det ulikt om vi kjem frå ulike kantar av landet. Dette mangfaldet av språk og dialekter er ein ressurs for barnehagen og kan vere eit utgangspunkt for mange viktige språksamtar.

Møte eit mangfald av tekstar

Barna skal møte eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer og leike, improvisere og eksperimentere med rim, rytme, lydar og ord.

Bruk av høgtlesing, song, rim og regler bidreg til at barn møter eit mangfald av tekstar. Gjennom ulike tekstar kan barn utvikle sjangerkompetanse og bli kjende med ulike uttrykksformer. Bruk av songar, rim og regler er ein viktig del av det språkstimulerande arbeidet. På *nynorsk bok.no* finn de forslag til bøker i ulike sjangrar som kan vere utgangspunkt for lek og utforsking av mellom anna rim og rytme.

Erfaring med skriftspråket

Borna skal utforske og gjere seg erfaringar med ulike skriftspråsuttrykk, som leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar.

Både høgtlesing og bruk av ulike tekstar stimulerer til utforsking av skriftspråket. Barn møter det nynorske skriftspråket først og fremst gjennom høgtlesing og formidling frå den vaksne. For eit lite barn som ikkje les sjølv, vil det å lese ei biletbok handle om å sjå bilete og lytte til ei stemme. Lyd og stemme vert såleis ei viktig side ved bilet-

boka. Barn møter det nynorske språket gjennom øyra, og den opplesne teksten vert eit første møte med det nynorske skriftspråket. Skriftnær høgtlesing, eller å lytte til skriftspråket, kan etablere mønster eller modellar hos barna for skriveutviklinga deira (Høigård, 2013). Barn lærer mykje om skriftspråket ved å lytte til, observere og erfare andre menneske som brukar det. Vaksne som skriv lappar, beskjedar og vekeplanar, vert viktige rollemodellar for barna. For å løfte fram det nynorske skriftspråket kan enkle stimulerande grep vere å nytte nynorske ord i kvardagen, som til dømes orda «helsing», «frå» og «heiter» på oppslag i barnehagen. Ein kan legge til rette for skriftspråklege aktivitetar i barnehagen, men det er også noko som barna sjølv set i gang, som til dømes utforsking av «min bokstav» og leikeskriving.

Å få erfaringar med nynorsk er særleg viktig for barn som veks opp i nynorskområde, for at dei skal bli trygge nynorskbrukarar. For den nynorske barnelesaren er den språklege kvardagen prega av at nynorsk er eit mindre brukt språk i den norske offentlegheita. Barn som skal ha nynorsk som opplæringsspråk i skulen, møter likevel bokmålet frå dei er små, både gjennom tv og data. Dermed er dei lite eksponerte for skriftspråket sitt før dei byrjar på skulen. Dette kan barnehagen vege opp for, ikkje minst gjennom å bruke dei nye nynorske barnebøkene. ■

Litteratur

- Bjørhusdal, E., og Øvereng, L.K.B. (2016). *Nynorsk i barnehagen – kvifor? Språkløyper*. Høigård, A. (2013). *Barns språkutvikling – muntlig og skriftlig*. Oslo: Universitetsforlaget. Mæhlum, B. (2003): *Språk og identitet. I: Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk kan føre til djupare læring for bokmålselevar. Det er eitt av funna i masteroppgåva eg leverte i mai 2017. Eg har intervjuet lærarar og elevar ved ein ungdomsskule og ein vidaregåande skule i bokmålsområde, der elevane har brukt nynorske lærebøker i andre fag enn norsk.

Djupare læring

med fagstoff på nynorsk

TEKST: **Heidi Fagna** FOTO: **Kib & Morits**



Det er grunn til å tru at den nynorske læreboka kan ha ført til djupare læring i samfunnsfag.

PÅ DEN VIDAREGÅANDE SKULEN erfarte læraren at læreboka tok større plass i undervisninga då dei las boka på nynorsk. Ho måtte bruke meir tid på å forklare ukjende ord og omgrep. Vanskelege ord tok dei i fellesskap, som då elevane las om «misferd» i læreboka.

– Eg hugsar til dømes ordet «misferd» då me heldt på med kriminalitet. Ordet betyr «forseelse». Det hadde eg sjølv aldri kome på. Det er forseelse eg bruker, sjølv eg som nynorsk-brukar. Då fekk me ein veldig fin diskusjon om innhaldet i omgrepet, og me kom fram til at det er tydelegare på nynorsk. Det er lettare å forstå kva som ligg i misferd enn i forseelse, sa læraren i intervjuet.

Her går læraren ut av fagstoffet, legg vekt på det språklege og får ein diskusjon med elevane om kva fagordet betyr. Dermed får elevane lære både språk og fagstoff. Det er akkurat slik den australske språkforskaren Mary Macken-Horarik (1998) meiner lærarar skal jobbe. Ho seier elevane først treng hjelp til å forstå det grunnleggjande stoffet, og deretter til å klare å setje det inn i riktig samanheng. Derifrå kan dei utfordrast til å forklare stoffet sjølve og å sjå det i eit metaperspektiv.

Ein diskusjon om språk er positiv. Det eine er at det i seg sjølv gjer det lettare å hugse diskusjonen og fagstoffet. Vel så viktig er det at elevane då kan gjerast merksame på at dei kan sjå si eiga læring frå utsida. Det gjev dei betre føresetnader for å vurdere ny kunnskap kritisk, skriv Macken-Horarik, saman med Jennifer Hammond (Hammond og Macken-Horarik 1999).

Vgs.-læraren eg intervjuar, trur prosjektet med dei nynorske lærebøkene gav elevane ekstra

innlæring, fordi dei i møtet med ukjende ord diskuterte kva dei betydde, og slik fylte dei med innhald. Dermed er det grunn til å tru at den nynorske læreboka kan ha ført til djupare læring i samfunnsfag.

Krevjande, men relevant

Både læraren frå vgs. og dei to ungdomsskulelærarane vedgår i intervjuar at dei brukte mykje tid på å lære vekk nynorsk, spesielt i starten. Det er likevel ikkje nokon av dei som i ettertid skulle ønskje dei hadde prioritert annleis.

Vgs.-læraren meiner nynorsken ikkje stod i vegen for faglæringa, men at elevane gjerne opplevde det som meir tungvint å måtte jobbe med språket i tillegg til fagstoffet. Det er ingen grunn til å polemisere med elevane om dette. Det er meir tungvint å lese eit anna språk enn det vande.

Og i dette prosjektet er språket store delar av poenget: Bokmålsbrukande elevar skal møte meir nynorsk, fordi det er relevant for dei. Det står i læreplanen at dei skal kunne lese og skrive det før dei er ferdige i den obligatoriske opplæringa.

Når elevane møter nynorsk i fagtekstar i ei historie- eller samfunnsfagbok, kan det i tillegg vere med på å farge forståinga deira av kva nynorsk er. Nynorsk vert stundom framstilt nærast som synonym med gamalnorsk, og dermed vert det noko ein berre bør lære om i språksoga i norsktimen.

Når elevane får møte nynorsk som eit fullt funksjonelt språk i tekstar om samfunnsfaglege eller historiske tema, kan det gjere noko med innstillinga deira til språket. Det gjer kanskje Noreg og verda litt meir nynorsk. ■

Lærebokprosjekt

Fleire skular på ungdomssteget og vidaregåande har teke del i utviklingsarbeid der målet var å fornye sidemålsopplæringa i nynorsk ved å ta i bruk språket i eit anna fag enn norsk.

Å lære ord og fagomgrep på to målformer gir ei utvida forståing i faget fordi elevane får eit stort ordtilfang om eit fenomen. Denne læringssituasjonen opnar opp for kontrastiv språkopplæring der kvardagsspråk og fagspråk blir sett opp mot kvarandre og samanlikna med omgrep på nynorsk og bokmål.

Slik undervisning skaper medvit om kravet til presisjon i språket og gjer elevane motivererte for å lære sidemålet sitt fordi dei kan bruke det i ein meiningsfull samanheng.

Litteratur

Fagna, Heidi (2017). *Nynorsk på kjøpet. Ein studie av to prosjekt der bokmålsbrukande elevar las lærebøker på nynorsk*. Masteroppgåve ved Høgskulen i Volda

Hammond, Jennifer, og Mary Macken-Horarik (1999). *Critical Literacy: Challenges and Questions for ESL Classrooms*. I: TESOL Quarterly. Fagfellevurdert tidskrift

Macken-Horarik, Mary (1998). *Exploring the requirements of critical school literacy: a view from two classrooms*. I: Francis Christie og Ray Misson (red.): *Literacy and schooling*. London og New York: Routledge

Ifølgje Læreplanen skal alle elevar kunne bokmål og nynorsk like godt etter tiande trinn. Dei skal så å seie vere tospråklege i skriftleg norsk. Likevel blir sidemål ofte lært bort som eit framandspråk og ikkje som ein av to skriftlege variantar av morsmålet til elevane. Kvifor? Kan vi finne noko av svaret i måten sidemål blir omtalt i resten av læreplanen?

Sidemål og framandspråk

– kva er likt, kva er ulikt?

TEKST: **Hjalmar Eiksund** FOTO: **Rib & Morits**



DET ER FLEIRE MÅTAR å vere tospråkleg på: Eit *førstespråk* er samanfallande med morsmålet – både det munnlege språket (basen) og den tilhøyrande skriftlege utbygginga. Eit *andrespråk* er eit språk ein må kunne i tillegg til førstespråket sitt. I Noreg vil dermed folk frå språklege minoritetar, som i tillegg må lære seg å snakke og skrive norsk, bli rekna som tospråklege, sidan dei må lære seg to språk for å fungere i kvardagen. Det går også an å utvide definisjonen noko og inkludere alle nordmenn som tospråklege. Kunnskapsløftet krev engelskopplæring frå første klasse, og ein kjem ikkje langt i vaksenlivet utan. Engelsk kan dermed oppfattast som andrespråket for dei fleste nordmenn, til forskjell frå framandspråk. Eit *framandspråk* er eit språk som *ikkje* er nødvendig for å ta del i den språklege fellesskapen. For meg må til dømes syrisk reknast som eit framandspråk: Eg klarer meg godt utan. Men for dei syriske naboane mine er det førstespråket, sam-

stundes som dei gjerne må meistre både engelsk og norsk i tillegg.

Aktiv og passiv språkkompetanse

Det går dermed an å vere tospråkleg på fleire måtar, men også i ulik grad. Mine syriske naboar forstår kva eg seier på norsk, men svarer meg på engelsk. Dei kan dermed seiast å ha ein *aktiv* kompetanse på engelsk, men berre ein *passiv* kompetanse i norsk, sidan dei forstår kva eg seier utan å kunne svare tilbake på norsk. Her vil eg trekke parallellar til norsk hovudmål og sidemål. Norsk er førstespråket for dei fleste elevar i norsk skule, men når norske elevar skal lære seg å skrive, må dei hanskast med to skriftlege variantar av det same førstespråket, der hovudmål kan omtalast som den *primære* og sidemål som den *sekundære* skriftlege utbygginga av det munnlege førstespråket.

Når ein i den norske offentlegheita i dag diskuterer om det er nødvendig at elevar lærer seg å skrive på sidemål, kan dette minne om skiljet mellom aktiv og passiv tospråklegheit. Ein *aktiv sidemålskompetanse* vil då skildre elevar som både les og skriv på begge målformene. Derimot viser ein *passiv sidemålskompetanse* til elevar som kan lese sidemålstekstar, men som ikkje meistarar å skrive sidemålet. Slik kan ein også dra parallellar mellom sidemålsopplæring og tospråksopplæring.

Tospråkleg opplæring

Norskspåklege elevar som skal lære både bokmål og nynorsk, høyrer til den språklege majoriteten i Noreg. Colin Baker (2011) har sortert tospråklege opplæringsprogram etter kor godt dei understøttar tospråkleg kompetanse hos elevane eller ikkje, og tabellen nedanfor viser eit utval av desse programma for majoritetsspråklege elevar:

Programtype	Elevar	Opplæringsspråk	Mål for opplæringa	Språkleg resultat
Ordinær framandspråksundervisning	Språkleg majoritet	Majoritetsspråket, med eigne timar i minoritetsspråket	Avgrensa opplæring	Avgrensa tospråklegheit
Språkbad	Språkleg majoritet	Tospråkleg med innleiingsvis vekt på minoritetsspråket	Pluralisme og styrking	Tospråklegheit og dobbel lese- og skrivekunne
Tospråkleg opplæring på majoritetsspråket	Språkleg majoritet	To majoritetsspråk	Bevaring, pluralisme og styrking	Tospråklegheit

(utdrag frå Baker, 2011)

Den første programtypen omtalar Baker som *ordinær framandspråksopplæring*. Det blir då undervist i andrespråket til elevane i egne timar – gjerne med eksplisitt grammatikkundervisning – med ein avgrensa tospråkleg kompetanse som resultat. Det andre programmet er *språkbad*. Andrespråket blir då trekt inn i all undervisning, munnleg som skriftleg. Resultatet er gjerne ein aktiv tospråkleg kompetanse. Det tredje programmet omtalar opplæring i *to likeverdige majoritetsspråk*, med undervisninga på begge majoritetsspråka. Denne varianten liknar langt på veg omtalen av hovudmål/sidemål og bokmål/nynorsk etter tiande trinn i læreplanen.

Språklæring i Kunnskapsløftet

Opplæringa i engelsk følgjer i stor grad læreplanen i norsk frå første til tiande trinn. Dette stemmer overens med ideen om engelsk som eit andrespråk – eit språk som alle *må* kunne, parallelt med førstespråket. I både norsk og engelsk skal ein lytte til opplesing og skrive enkle tekstar frå første årstrinn, medan ein aukar lesemengde og kompleksitet, i tillegg til kva ulike skrivehandlingar ein skal meistre, etter kvart som elevane blir eldre.

Til forskjell frå første- og andrespråket startar læreplanen for framandspråk først på ungdomstrinnet. Målet for undervisninga er heller ikkje like ambisiøst som for første- og andrespråket. Det interessante er likevel kompetansemålet som seier at *elevane skal eksperimentere med skrivning på sidemål*. Dette er plassert på slutten av mellomtrinnet, medan det tilsvarande for engelsk er ført opp dei to første åra på barnetrinnet. På den måten blir skrivning på sidemål ein mellomting mellom skrivning på andrespråk og framandspråk, trass i at elevane har lese tekstar på både bokmål og nynorsk heilt frå første klasse.

Den seine starten med skrivning harmoniserer dårleg med kompetansemåla for sidemål på tiande trinn, som likestiller målformene både skriftleg og munnleg.



Behovet for sidemålsdidaktikk

Den seine starten med skriving harmoniserer dårleg med kompetansemåla for sidemål på tiande trinn, som likestiller målformene både skriftleg og munnleg, og det er lett å finne att spor av dette misforholdet. I vurderingar av tekstar skrivne av eit utval åttandeklasseelevar frå Normprosjektet er det tydeleg forskjell mellom kompetansen i hovudmål og sidemål. Ulikskapen er i stor grad avhengig av hovudmålet til elevane. Fleirtalet av elevane med nynorsk som hovudmål meistarar å skrive både bokmål og nynorsk utan store problem, medan sidemålskompetansen jamt over er langt lågare enn hovudmålskompetansen for elevar med bokmål som hovudmål (Berge og Skar, 2015; Eiksund, 2017). Grunnen kan vere enkel. Nynorskelevane lærer nynorsk på skulen og bokmål på fritida og opplever det ein kan omtale som eit sidemålsbad med aktiv sidemålskompetanse som resultat.

For elevar med bokmål som hovudmål er tilgangen på sidemålet langt dårlegare, og dei må i større grad trene på sidemål i skuletida. Måten sidemålet er omtalt på i læreplanen, støttar òg opp under ei forståing av opplæring i sidemål som tradisjonell framandspråkopplæring. Dette stemmer overeins med det vi veit om gjeldande praksis i sidemålsopplæringa (Jansson 2004; Sjøhelle 2016). Ifølgje Baker fører ei slik tilnærming til eit språk til avgrensa tospråklegheit, eller passiv språkompetanse. Dersom ein i tillegg avgrensar sidemålet til å handle om lesing, vil dette forsterke denne tendensen og resultatet bli deretter. Fleire har derfor tatt til orde for ein sidemålsdidaktikk der målet er å løfte fram nye og betre måtar å undervise i nynorsk som sidemål. Målet har då vore å bryte med dei inngrodde mønstera, og heller bruke sidemålet i alle typar norsk-undervisning og ikkje berre i bolkanen knytte til

grammatikk og språkhistorie på ungdomstrinnet. Skriftleg sidemål på mellomtrinnet og forskøk med nynorske lærebøker i andre fag enn norsk er to døme på slikt (Eiksund, 2013; Jansson og Traavik, 2015; Sjøhelle, 2016).

Parallellmålsdidaktikk

Målet med læreplanen er lik kompetanse i dei to målformene etter tiande trinn, og då kan ikkje sidemålet undervisasast som eit framandspråk. På same vis som med andrespråket bør elevane i staden leike seg med skriving på både bokmål og nynorsk frå første klassetrinn. Og frå første dag bør målet vere å meistre begge målformene. Ein god sidemålsdidaktikk kan derfor ikkje ha eit einsidig fokus på sidemålet. Sidan begge målformene skal lærast parallelt, kan ein kanskje heller snakke om ein parallellmålsdidaktikk, der begge målformer er like tungt vektta. Då vil kompetansemåla i tiande vere innanfor rekkevidde. ■

Normprosjektet er eit samarbeid mellom lærarar og forskarar frå heile landet. Prosjektet har sidan starten i 2012 samla inn meir enn 5000 elevtekstar frå barnetrinnet. Målet med prosjektet er å styrke den forskingsbaserte kunnskapen om skriveopplæring og vurdering av skriving i grunnskulen.

Les meir på norm.skrivesenteret.no.

Kjelder

- Baker, C. (2011). *Foundations of bilingual education and bilingualism* (5 utg.). Bristol: Multilingual matters.
- Berge, K.L., og Skar, G.B. (2015). Ble elevene bedre skrivere? Intervensjonseffekter på elevers skriveferdigheter og skriveutvikling. Trondheim: Normprosjektet.
- Eiksund, H. (2013). *Nynorsk som skolefag. Sidemålsdidaktikk*. Framlegging under Ny Giv!-samlingane 2013. Henta frå lesesenteret.uis.no/getfile.php/Lesesenteret/131016-EiksundNyGiv.pdf
- Eiksund, H. (2017). Eitt språk – to kompetansar. Føresetnader for sidemål. I: Fondevik og Hamre (red.), *Norsk som reiskaps- og dannelsesfag* (s. 258–283). Oslo: Samlaget.
- Jansson, B. K. (2004). Kva slags sidemålsopplæring legg lærebøkene opp til når nynorsk er sidemålet? Ein analyse av lærebøker i norsk for ungdomstrinnet etter Reform 97: Høgskolen i Østfold.
- Jansson, B. K., og Traavik, H. (2015). *Tidleg start med skriving på «den andre målforma»*. Framlegg under Nynorskkonferansen 2015, Bergen. Henta frå www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/NK2015-Traavik.pdf
- Sjøhelle, K.K. (2016). *Å skrive seg inn i språket. Ein intervensjonsstudie av nynorsk sidemålsopplæring for vidaregåande trinn*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Kunnskapsdepartementet (2006–2013). **Læreplanane i norsk, engelsk og framandspråk**. www.udir.no/klo6/NOR1-05
www.udir.no/klo6/ENG1-03
www.udir.no/klo6/FSP1-01
- Normprosjektet (2012–2016). norm.skrivesenteret.no

Korleis kan musikk vere utgangspunkt for undervisningsopplegg til serien Skam?

Skam i skulen

TEKST: **Marit Louise Brekke** FOTO: **NRK**



17. mai i fjor vart «Fagert er landet» av Anders Hovden brukt som musikalsk kommentar til scena der Noora går til legevakta etter mistanke om at ho er valdteken.

UNGDOM ER veldig opptatt av musikk, og derfor er det ofte takknemleg å bruke musikk i undervisningsopplegg. I *Skam* er musikk ein viktig del av den multimodale forteljinga. Mange av dei mest populære scenene har vore knytte til musikk, og artistar som har vorte brukte i *Skam*, som Gabrielle, har vorte svært populære i utlandet. Med andre ord: Musikk betyr mykje for ungdom og er ein viktig føresetnad for å nå målgruppa.

Det er også slik at musikk er noko som ungdom har egne private assosiasjonar til. Det er eit verkemiddel som er felles for mange i klasserommet, ei form for felles referanseramme, og dette er viktig i ei tid der ein kanskje har færre tekstar som referanseramme enn tidlegare. Ungdom vil kjenne att songtekstar av Karpe Diem, Selena Gomez, Robyn og mange andre musikkstjerner i serien, og elevane kan også vurdere om musikken er brukt i samanhengar der det er naturleg, som til dømes at musikken som vert brukt i dansescenene, er dansemusikk.

Musikk er ein referanse som er direkte, fordi du høyrer han avspelt i den aktuelle scena. Slik er det ikkje med andre typar tekstar. Til dømes kan skjønnlitterære referansar som er brukte i *Skam*, vere langt meir skjulte, og derfor vanskelegare å avsløre for sjåarane.

Det er interessant å diskutere med klassa dei ulike vala ein har gjort når det gjeld musikken i *Skam*. Ofte vert musikken brukt som stemningsskapar eller lydkulisse, men like ofte vert musikkteksten vald fordi han seier noko om eit tema eller ein bodskap i scena. Når det skjer, vert musikken eit forteljingselement i forteljinga.

I ei kjent scene der Isak og Even dansar med kvar sine jenter til songen «Call your girlfriend», vert musikkteksten ein forsterkar og kommentar til scena:

«Call your girlfriend
It's time you had the talk
Give your reasons
Say it's not her fault
But you just met somebody new.»

Dei fleste unge sjåarar vil kople songteksten til den aktuelle situasjonen, og dei vil oppfatte songteksten som eit tydeleg forteljingselement i scena. Robyn formidlar bodskapen, og kanskje også tankane til Isak, som sterkt ønskjer at Even skal gjere det slutt med jentekjæra.

Det same ser vi også fleire gongar i sesong 4, der det gryande kjærleiksforholdet mellom Sana og Yousef vert skildra i klipp etter klipp. I ei scene står Sana og skreller gulrøter, og på radioen høyrer ein «Kiss me» med Ed Sheeran.

Teksten understrekar kjenslene til Sana, men også spenningane i rommet då Yousef kjem inn på kjøkkenet og høyrer teksten. Sana, som vil framstå som kul og upåverka, må skru over til ein annan kanal. Denne handlinga er typisk for Sana, som i alle sesongar har verka kompromisslaus og tøff, og som ikkje vil vise ei meir romantisk side av seg sjølv. Radioen saboterer forsøket på å skape ei anna stemning i rommet, fordi Sana skrur over på ein kanal som spelar Bendiks «Siste gang»:

«Hvis eg bare e helt stille,
vil eg noen gang få være din.
Eg vet ikkje ka du tenker,
men eg savner deg i hjertet mitt.
For eg vet at det var ikkje meg som ville,
men du gjør meg søvnløs.
Hvis eg bare e helt stille,
vil eg noen gang få være din.»

Her insisterer songen på kjærleiksforholdet. Elevane forstår at begge songtekstane har ein funksjon i scena, dei understrekar ei stemning, og kan nesten minne om ei allvitande forteljarstemme som set språk på kjenslene til hovudpersonane.

Når det vert brukt salmar i serien, kan det vere vanskelegare for sjåarane å sjå tolkingslaga

i salmeteksten. 17. mai i fjor vart «Fagert er landet» av Anders Hovden brukt som musikalsk kommentar til scena der Noora går til legevakta etter mistanke om at ho er valdteken. Det var første vers i salmen som vart brukt:

«Fagert er landet du oss gav,
Herre vår Gud og vår Fader.
Fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett og ho glader.
Fagert det stig frå nord til sud,
soleis di åsyn lyser Gud,
over vårt Noreg i nåde.»

Eg vart sjølv veldig overraska over dette musikkvalet. Anders Hovden, ein av dei viktige nynorske salmediktarane, var brukt i ein serie lagd til Oslo. Uventa, og gledeleg. Samstundes: Kvifor kopla serieskaparane Hovdens salme til denne dramatiske scena? Kva hadde teksten med temaet valdtekt og legeundersøking å gjere?

Her må ein tenkje på teksten som ein fedrelandssalme som seier noko om rettane ein har i demokratiet. Noora kan få hjelp og har rett til hjelp i ein vanskeleg situasjon. Det ordet som står sterkast for meg i teksten, er nåde, altså det siste ordet. Musikalsk sett kan ein også tenkje at det er ei verdigheit i musikken, han er høgtidleg, og han er med på å understreke kor viktig det er at Noora tek steget ut frå offerrolla og kjempar for å få sitt eige menneskeverd tilbake. Ho står opp for seg sjølv, ho får støtte, og det er viktige verdiar å kjempe for i demokratiet. Men koplinga mellom musikk og tema er ikkje så umiddelbar i denne scena, og kontrasten mellom referansen og tematikken krev meir av sjåaren.

Ein må kjenne salmen som sjanger for å forstå bruken av han i denne samanhengen. Salmebruken i *Skam* er generelt knytt til livsendrande



augneblinkar der hovudpersonane tek store val som får mykje å seie for dei. Sjangeren vert forbunden med å gå i kyrkja, men stadig fleire nordmenn oppsøker kyrkja berre i samband med rituelle handlingar som gravferd, dåp, konfirmasjon eller bryllaup. Derfor vert salmar for 16-åringar opplevde som høgtidlege, og knytte til store eller viktige hendingar. Dette kan vere årsaka til at Andem brukar salmar i dramatisk fortetta scener som inneber store og viktige val.

Å analysere salmen som ein sjanger i ein gitt kontekst der dei institusjonaliserte og rituelle samanhengane vert tydelege, krev ein tolkingskompetanse som er kompleks. Medan «Fagert

er landet» vert brukt for å utdjupe og tolke tematikken i scena, understrekar og forsterkar bruken av musikken til Ed Sheeran og Bendik Sanas ønske om å verte saman med Yousef.

Dersom du vil jobbe med *Skam* i skulen, kan du gjerne starte med musikken, nettopp fordi mesteparten av musikken i *Skam* vert brukt som understreking av stemninga i ei scene. Dersom du vil utfordre elevane, kan du vise at musikkvalet med tanke på salmar kan krevje ei anna form for tolkingskompetanse av dei. Slik får elevane oppleve at bruken av musikk i serien sett ulike krav til sjåarane. ■

Bokmålsbrukande elevar kan ha god nytte av å verte språkduja i nynorsk jamleg. Det er eitt av funna Kristin Kibsgaard Sjøhelle gjorde då ho forska på nynorskopplæringa i ein bokmålsklasse på vidaregåande skule. Ho dokumenterte korleis nynorsk som bruksspråk i norskfaget kan fungere i sidemålsopplæringa, og ho leita etter fellestrekk i skrivestrategiane til elevane når dei skreiv nynorsk.

Tok doktorgrad i sidemålsopplæring

TEKST: **Heidi Fagna** FOTO: **Rib & Morits**

SJØHELLE FØLGDE EIN VG3-KLASSE i Trondheim eit heilt skuleår. Elevar og lærar nytta nynorsk som bruksspråk i digitale tekstar og papirbaserte tekstar i norskundervisninga. Ho undersøkte korleis elevane reflekterte rundt eiga skrivning på nynorsk i formelle og uformelle tekstar, kva skrivestrategiar og skrivehjelp dei støtta seg til, og kva læringsutbytte dei opplevde at dei hadde.

Hovudfunna frå studien er at elevane nyttar fleire ulike strategiar for å skrive god nynorsk i forskjellige fasar av skrivinga, og at det å nytte nynorsk i både formelle og uformelle tekstar aktiverer fleire skrivestrategiar hos elevane. Elevane opplever vinsten av å skrive formelle og uformelle tekstar på nynorsk svært forskjellig. Studien syner likevel eit potensial i det å arbeide med skrivestrategiar i sidemålsarbeidet, og i det å la elevane møte nynorsk ofte og i ulike skrivesituasjonar.

Eit viktig bidrag med studien er å prøve ut og dokumentere ein arbeidsmåte som legg til rette for å gjere nynorsk som sidemål til ein meir aktiv og bruksorientert del av norskfaget. Han koplar nynorskopplæringa til forskning på skrivestrategiar og språkbadspedagogikk, og kastar lys over både moglegheiter og utfordringar ved å nytte nynorsk som bruksspråk i sidemålsarbeidet.

Avhandlingsarbeidet er gjennomført ved Institutt for lærerutdanning og skoleforskning ved UiO, og er finansiert av Nynorsksenteret. ■



Kristin Kibsgaard Sjøhelle disputerte 12. desember 2016.

– Eg tenker ikkje at det historiske berre er ei kulisse. Historia vår er viktig i seg sjølv, og det har vore heilt naturleg for meg som historikar å legge forteljingane tilbake i tid, seier Aina Basso.

Spennande skattar i historisk materiale

TEKST: **Reidun Kydland** FOTO: **Heidi Fagna**



Aina Basso med Giske, øya der ho vaks opp, i bakgrunnen.

AINA BASSO HAR til no gjeve ut fire historiske romanar for ungdommar og unge vaksne, og ei faktabok om hekser for barn. Hovudpersonane hennar er unge jenter/kvinner som har nokre utfordringar i liva sine, men som likevel er sterke jenter. Karakterane blir til gjennom skriveprosessen, og Basso meiner at om ein er offer for eit overgrep, så treng ein likevel ikkje ha ei offerrolle heile livet.

– Ein er ofte sterkare og toler meir enn ein trur, seier ho.

Aina Basso fortel at det er *Inn i elden* som har fått mest merksemd og har blitt godt likt. Denne romanen handlar om Elen frå Kiberg og Dorothe frå København. Dei er begge 16 år, men har ulik sosial bakgrunn. Elen er dotter av ei einsleg mor, medan Dorothe kjem frå dansk overklasse.

– Eg ville gjerne skrive ut ifrå to ulike eg-personar og deira perspektiv på hekseprosessane i Finnmark. Elen blir utsett for klagemål, medan Dorothe er på tiltalemaktas side. Eg prøver å spegle skilnadene mellom dei to jentene gjennom språket, fortel Aina Basso.

To av jentene Basso skriv om, Hanna i *Finne ly* og Maria i *Fange 59. Taterpige*, har romani-bakgrunn. Maria blir sett på tukthuset av to grunnar, fordi ho er omstreifar, og fordi ho har tigga. Begge delar var ulovleg. Både Hanna og Maria har ei uro over seg, dei tenker mykje på familien sin og ein kjæraste dei hadde, og kjenner seg ikkje heime i det norske samfunnet der dei begge er tenestejenter. Skil dei prøve å flykte for å finne att familien sin?

– Vi kan gjerne trekke trådar til vår tid og spørje om vi vil tilbake til slik det eingong var. Eg har eit sosialt engasjement mot fattigdom, mot undertrykking og urettferd, og derfor har det vore naturleg for meg å skrive om slike tema. Å skrive romanar gjer at eg kan dikte rundt og



Ingen må vite (2008) • *Fange 59. Taterpige* (2010) • *Inn i elden* (2012) • *Finne ly* (2014) • *Heksejakt* (2016)

utforske historiske fakta. Sjølv om ikkje kjeldene kan fortelje oss så mykje, synest eg det er viktig å finne ut om og løfte fram det vanlege kvinnelivet. Det er mange spennande skattar å finne i historisk materiale.

Aina Basso vil gjerne utfordre seg sjølv i skrivinga, og meiner at ho kan utnytte den historiske distansen til å skrive om vanskelege tema som tukthus og incest. Ingeborg i *Ingen må vite* opplever overgrep frå stefaren sin, og kan ikkje fortelje det til nokon. Ut ifrå dåtidens rettsoppfatning er Ingeborg like skuldig som det stefaren er. Aina Basso fortel at ho no held på å skrive om ei barnedrapssak.

– Når ein skriv om noko mørkt, er det viktig å balansere det mot noko lyst. Og det er viktig å

ikkje skjule slikt som urettferd og overgrep, sjølv om det kan vere tøft å skrive om det. Ein kjem i kontakt med sine eigne grenser for kva ein kan klare å skrive om. Men vi kan sjølv sagt trekke trådar fram til vår tid, og det som hender no. Det er viktig at vi ikkje gjentar feila våre, meiner Aina Basso.

– Far min kjem frå Finnmark og har kvensk bakgrunn. Eg har lenge hatt lyst til å skrive ein roman med utgangspunkt i den finske innvandringa til Nord-Noreg fordi ein her finn så mange spennande historier. Men eg opplever at det er vanskeleg å få det til. Eg trur det blir for nært for meg, fordi det er viktig for meg å få det godt til og ikkje skuffe nokon. Eit påbyrja manus ligg no der, så kven veit? ■

Ressursar om Aina Basso og bøkene hennar:

- Eit undervisningsopplegg for ungdomsskolen og vidaregåande med utgangspunkt i *Inn i elden*: www.nynorsksenteret.no/basso
- Eit intervju med Aina Basso om forfattarskapen hennar: www.nynorskbok.no/bakom-boka/
- Omtale av alle bøkene hennar på www.nynorskbok.no

Har du nokon gong tenkt på at du kan innføre «skrivekvart» som ein fast vane, på same måten som mange har fast «lesekvart»?

Få fart på skrivninga med skrivestartarar

TEKST: **Marit Wadsten** FOTO: **Kih & Morits**



GIR DU ELEVANE ein skrivestartar, ei eiga bok å skrive i og set dei i gang, kan mykje vere gjort. Her får du nokre tips til korleis du kan hjelpe elevane dine med å trene skrivemuskelen.

Elevane må trene på å skrive, og dei må skrive mykje for å bli gode skrivarar. Men det blanke arket kan vere ein stor og skremmande barriere for mange. Jau då, dei veit at det gjeld å komme i gang med å skrive, og dei vil gjerne også, men kva skal dei skrive, og korleis skal dei starte?

Skrivesenteret har laga ei ressurside der du får ei rekke med skrivestartarar. Du kan bruke dei anten nynorsk er hovudmålet eller sidemålet til elevane dine. Her er eit eksempel på ein skrivestartar:

«Skriv ei melding til læraren der du forklarar kvifor du kom for seint på skulen i dag. Ver kreativ og litt dristig!»

Gode skrivestartarar som inspirerer og motiverer til skiving, har ofte personlege vinklingar og gir heilt konkrete oppgåver og instruksjonar knytte til detaljar og situasjonar som det er lett for elevane å gripe fatt i og spinne vidare på. Du kan også lage ei open startsetning til skrivestartaren du har valt, det vil seie ei setning som ikkje er avslutta, som elevane skriv ned før de startar skrivinga, og som dei så kan fortsette på og slik starte teksten sin med.

Sprutskiving

Når elevane er blitt litt vande med «skrivekvart», kan de gjerne innføre «sprutskiving» også. Dette vil seie at elevane får skrivestartaren, startsetninga,

du seier «klar, ferdig, gå!», og så skriv dei alt dei orkar på ei fastsett tid, t.d. fem eller ti minutt, utan å løfte blyanten frå arket. Set på ei stoppeklokke som ringer når tida er ute, og då er det ikkje lov til å skrive meir.

For at dette skal fungere godt for alle elevar, er det lurt at dei slepp å dele teksten sin, dersom dei ikkje vil. Eit knep her kan vere å gi dei ei farge, t.d. «gul», som dei skal skrive om og om og om igjen dersom det stoppar opp med inspirasjonen til eigen tekst. Medan dei skriv «gul gul gul gul gul ...», vil dei ofte få nye innfall og komme i gang igjen med sin eigen tekst, og då er det berre å fortsette. Målet med dette er rett og slett berre å halde skrivehanda i gang utan å stoppe opp, for her som elles gjer øving meister.

Den amerikanske pedagogen Kelly Gallagher seier at skrivarar treng å trene på skiving, på lik linje med målaren som treng å trene på måleteknikk, og basketballspelaren som treng trening i ballteknikk (Skrivesenteret.no). ■

Kompetansemål etter 7. årstrinn

- skrive tekster med klart uttrykt tema og skape sammenheng mellom setninger og avsnitt
- skrive sammenhengende med personlig og funksjonell håndskrift, og bruke tastatur på en hensiktsmessig måte
- eksperimentere med skiving av enkle tekster på sidemål


Skrivestartarar

- Sjå på skorne dine. Dersom dei kunne snakke, kva ville dei ha sagt til deg?
- Dei fleste likar gatekjøkkenmat. Nokre gonger et vi for mykje av det, men du meiner at vi kan ete akkurat det vi har lyst på. Skriv eit brev til legen din der du forklarar at gatekjøkkenmat er næringsrik mat, og at det er den einaste maten du vil ete frå no av!
- Synest du at du skulle hatt meir lomme pengar? Skriv eit brev til foreldra dine der du forklarar kvifor dei må auke summen betrakteleg.
- Kven ville du helst gå til, tannlegen eller skulen? Vel ein av dei og gi tre årsaker til at du valde som du gjorde.
- Dersom du kunne reist kvar som helst i verda, kvar ville du ha reist? Beskriv den perfekte feriestaden din slik at lesaren kan sjå det føre seg.
- Tenk på ei eske med fargeblyantar. Kva farge ville beskrive deg best, og kvifor akkurat den?
- Du har 500 kr i lommeboka. Kva ville du ha brukt dei til, og kvifor?

Du finn skrivestartarane på sida til Skrivesenteret:

www.skrivesenteret.no/ressurser/skrivestartere-som-utgangspunkt-for-kreativ-skriving/

Faktaboktips



Øystein Runde
**Stamceller.
Kroppens super-
heltar**

Gyldendal
2017

KROPPEN DIN inneheld billionar av celler i harmonisk samarbeid. Men han er også ei slagmark! Cellene blir stadig utsette for bakteriar, virus, skadar og slitasje. Når celler dør, er kroppen avhengig av hjelp frå ein spesiell type celler. Denne boka er om dei. Stamceller.

Øystein Runde teiknar og fortel om stamceller i denne artige og lærerike faktaboka i teikneserieformat. Han krydrar innhaldet med humor, interessante fakta og spanande informasjon som gjer fagstoffet underhaldande og lett tilgjengeleg for målgruppa.

Runde står fram som ein tydeleg forteljar gjennom heile boka. Han formidlar viktige framsteg og bidragsytarar i forskingsfeltet, som stamcelleforskar Cecilie Gjerde, Kamal Mustafa og Shinya Yamanaka. Vi får vite om eit pågåande forsøk, resultat og kva vi kan vente oss av forskning i framtida. Vi får høyre om forbløffande forsøk der forskarar vellukka har forvandla ein liten bit musehud til ein heil flokk nye mus og om 3D-skrivarar som printar med kalsium.

Stamceller. Kroppens superheltar er ei interessant og spennande bok som gir barn, unge og vaksne kunnskap om eit viktig tema som mange ikkje kjenner noko særleg til frå før.

Hefte med boktips

EI STOR OPPGÅVE i skulen er å skape ein kultur for lesing og lage gode rammer rundt lesinga. Slik blir det å lese gode bøker noko kjekt ein gjer og samtaler om. Det er viktig at ungdommar skal kunne identifisere seg som lesarar ved å ha lyst til å lese og gle seg over lesinga. Gode bøker gjev inspirasjon, skaper lyst til å lese meir eller til å skrive sjølv.

Nynorsksenteret har funne fram til nokre nynorskbøker vi synest er gode, og som vi kan tilrå for ulike aldersgrupper. Nokre av dei er lettlesne, andre passar for bokslukaren. Noko for alle! Desse boktipsa har vi samla i hefte for ulike aldersgrupper: Barnehage, tredje trinn, sjette trinn, ungdomsskulen og vidaregåande. I



tillegg har vi eit hefte med tips om nynorskbøker som kan høve for fleirspråklege. Hefta kan de lese på nett, eller så kan de laste dei ned og skrive dei ut sjølve.

www.nynorskbok.no/bokliste/

Novelletips



Lars Mæhle
Jag är Supermann

Samlaget
2017

«**JAG ÄR SUPERMANN**» står det på t-skjorta til Bjørn, og det har blitt tittelen på den nye novellesamlinga til Lars Mæhle. Men Bjørn er langt frå Supermann, og slik er det også med dei andre ungdommane vi møter. Novellesamlinga inneheld fem noveller av ulik lengde, og sjølv om dei er sjølvstendige forteljingar, møter vi fleire av personane igjen i fleire noveller.


Alle hendingane går føre seg på Sunndalsøra ein måndag om sommaren. Ungdommane i boka er rømlingar på ulike vis. Mange kjenner seg utrygge på kven dei er og kva dei vil. Og dei drøymar om å treffe ein kjærast eller kome seg bort frå bygda.



NYNORSKBOK.NO

Kvart år kjem det mange nye, gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert. På Nynorskbok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Teikna av Kristoffer S. Mathisen

Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorsk kurs i teikneserieform. På www.nynorsksenteret.no/tilfang/ kan du tinga gratis klassesett.